



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandlar, telefon  
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato  
15.06.2018  
Dykkar dato  
25.05.2018

Vår referanse  
2018/3126 721.0  
Dykkar referanse  
Økonomisjef Sveinung Kvamme

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Statleg tilskot for 2018 til vidareføring av ei stilling ved barneverntenesta

Vi viser til Radøy kommune sine oversendingar per e-post 25. mai 2018 av revisjonsuttale og rekneskap for ei stilling i barneverntenesta.

I 2017 hadde Radøy kommune til rådvelde inntil 717 500 kroner i statleg tilskot øyremerka til å vidareføre styrkinga av barnevernet i kommunen, sjå tildelingsbrevet vårt av 30. mars 2017. Inkludert i det beløpet er 80 895 kroner som er føresett overførte frå 2016. Styrkinga gjeld ei stilling som Radøy kommune oppretta med statlege midlar i 2012.

I følgje rekneskapen brukte Radøy kommune 624 043 kroner på å finansiere den aktuelle stillinga i barnevernet i 2017.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik i Nordhordland revisjon iks reviderte rekneskapen den 23. mai 2018.

Fylkesmannen legg etter dette til grunn at Radøy kommune i fjor nytta 624 043 kroner av dei 717 500 statlege tilskotskronene som kommunen hadde til rådvelde, og at 93 457 kroner vert overførte til bruk i barneverntenesta i 2018. Løyvinga i år vert tilsvarende redusert.

Ordninga med styrkingsmidlar til barnevernet over statsbudsjettet kapittel 854 post 60 er ført vidare i 2018. Til ei stilling kan ein få inntil 735 438 kroner i statstilskot. Etter fråtrekk av dei pengane som ikkje vart nytta av fjorårets løyving, får Radøy kommune med dette tilsegn om **641 981 kroner** i statleg tilskot for 2018 til å finansiere den stillinga som kommunen har fått statleg tilskot til å opprette. Radøy kommune disponerer såleis inntil 735 438 kroner i 2018, når vi tek med dei 93 457 kronene som er overførte frå 2017.

Det er ein føresetnad at Radøy kommune ikkje reduserer stillingane i det kommunale barnevernet til eit lågare nivå enn 2012, som er det året kommunen fekk statleg tilskot til å opprette ei ny stilling ved barneverntenesta.

Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter, som inkluderer overtidsgodtgjering, kompensasjon for ubekvem arbeidstid, feriepengar, arbeidsgjevaravgift, pensjonsdel, og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje overhead/administrasjonsutgifter, telefonutgifter, kontorutgifter, reiseutgifter og godtgjering for bruk av eigen bil eller innkjøp av konsulenttenester.

Tilskotet skal i utgangspunktet nyttast i 2018. Tilskotsmidlar som ikkje vert brukte i år kan likevel overførast til neste år, og i tilfelle vil ei eventuell statleg løyving neste år bli tilsvarande redusert.

Radøy kommune skal sende revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotet for 2018 til Fylkesmannen i Vestland innan 31. mars 2019. Kopi av tildelingsbrevet skal leggast fram for revisor i lag med rekneskapen. Dersom rekneskap og revisorattestert ikkje vert leverte, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt. For rekneskap på mindre enn 100 000 kroner er det ikkje krav om revisoruttale.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingsreglement § 10 andre ledd. Fylkesmannen har fått i oppgåve å kontrollere at tilskotet vert brukt i tråd med føresetnadene. Rekneskapen må difor setjast opp på ein slik måte at lønsutgiftene til den aktuelle stillinga kjem fram, og bruken av tilskotet kan haldast saman med reglane for tilskotsordninga. Dersom pengane ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal dei tilbakebetalast til statskassa.

Tilskotet for 2018 vil bli utbetalt når Fylkesmannen har mottatt vedlagde stadfesting i underskriven stand.

Vi ber om at referansenummeret vårt, 2018/3126, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld tilskotet for 2018.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskrivne underskrifter.*

Stadfestinga skal sendast i retur til:

Fylkesmannen i Hordaland  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Eventuelt per brevpost til:  
Postboks 7310  
5020 Bergen

*Fylkesmannens referanse:* 2018/3126

## STADFESTING

Organisasjonsnummer:

.....

Kommunenummer:

.....

Kontonummer:

.....

Namn, postadresse og telefonnummer ansvarleg leiar for den kommunale barneverntenesta, eventuelt økonomiansvarleg:

Radøy kommune har fått tilsegn om statleg tilskot på **641 981 kroner** for budsjettåret 2018 til lønsutgifter og lønsrelaterte utgifter for ei stilling i barneverntenesta.

Radøy kommune stadfester med dette å ha lese og godtatt vilkåra som er sett i Fylkesmannens brev av 15. juni 2018.

.....

stad

dato

.....

ansvarleg leiar

Stadfestinga skal underteiknast av rådmannen eller den som har fullmakt frå rådmannen